

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

SOS
kirkens-sos.no

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/ fylkesordføreren
Askedalen 2
6863 Leikanger

Bergen 26.4.19

SØKNAD OM DRIFTSSTØNAD FOR 2019

Takk for kr 50.000,- i driftsstønad for 2018, samt kr 25.000,- i ekstra jubileumsgåve for 2019!

Kirkens SOS Bjørgvin er eit døgnope, sjølvmoedsførebyggjande tilbod til alle innbyggjarane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Med 130 frivillige og 4,1 tilsette leverer vi tenester med høg fagleg kvalitet til låge kostnader. Vi har 72 samtaler kvart døgn, heile året. Sjølvmoedstankar er tema i halvparten av chatsamtalene og 43% av SOS-meldingane, og i 2.253 av telefonsamtalene i 2018.

Kirkens SOS står for halvparten av all hjelpetelefonti i Noreg, og er i tillegg store på meldingar og chat via internett. Kirkens SOS Bjørgvin er eitt av 11 lokale senter i Noreg, og er sjølv ansvarleg for finansiering og drift.

- I 2018 svarte Kirkens SOS i Bjørgvin på 22.709 telefonsamtaler, 2.088 SOS-chat og 1.573 SOS-meldingar.
- Alle ungdoms-, vidaregåande- og folkehøgskular får tilsendt informasjonsmateriell til elevane. Vi underviser også skuleelevar om psykisk helse og den gode samtalen.

Kirkens SOS i Bjørgvin har ingen eigarar som syter for nødvendige driftsmidlar. Vi har ein krevjande økonomi, og er heilt avhengig av lokale bidrag.

Kirkens SOS Bjørgvin har brukarar frå alle kommunane i Bjørgvin, og vi veit at tenesta reddar liv. Vi søker derfor Sogn og Fjordane fylkeskommune om ein driftsstønad for 2019 på kr 50.000,-.

Med helsing



Greta Gramstad
Dagleg leiar

Vedlegg: Årsmelding 2018 med rekneskap for 2018 samt budsjett for 2019